

GUDS NÅDEVERK

Anonym song frå Indonesia

Til engelsk ved Jill og Ian Harris

Til norsk ved Johannes Smemo

*Dei vonde åndehærar heldt vår verd i trælestand,
heilt bundne av den mørke makt dei spreidde natt.
Da steig i aust den stjerna som no skin i alle land,
og æveljoset stråla fram frå dag som spratt.*

*Vi træla i eit fiendland der Satans makt fekk rå,
og dødens helvet-smidde handjarn batt oss fast.
Men Herrens kjærleiks undermakt sleit lenkjene som strå,
og vi stod frie der og song mens banda brast.*

*I dårskap og i viljetrass vi frå vår Skapar fall.
Det ingen fanst på jord som gjekk på rettferds veg.
Men sjå, Guds Son, vår Herre, let seg føde i ein stall,
og pint av menn og slått av Gud han ofra seg.*

*Med tomme hjarto utan ro og utan tru på Gud
vi kjente djupt ein samvitsdom som slo oss ned.
Men da i både livet hans og døden vi fekk lut,
da vart vår vilje eitt med hans, og vi fekk fred.*

*Til Euftrat kviskra Herren stilt i gammal tid sitt ord.
Det betre klang for hyrdingar i Juda land.
I dag hans kjærleiks bodskap lyder rundt den heile jord,
og songen til hans heider går frå strand til strand.*